

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

### Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Line Johansen, presenterte på video frå Bergen resultatet av den gjennomførte vurderinga av spesialundervisning i friskular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vart samde om å føye slik setning til i punkt 1 i innstillinga: I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular for fylkestinget 12. – 13.06.2019.

Etter dette vart slik instilling samrøystes vedteke.

### Innstilling

På bakgrunn av rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at berekning av «pott» til refusjon av kostnader til spesialundervisning ivaretek krav om likebehandling og krav om at berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning. I dette ligg det også at det må vurderast om måten å berekne «potten» på er den rette, då noverande berekningsmodell ikkje sikrar likebehandling.
2. Utarbeide skriftlege retningsliner og rutinar som skildrar modellen som blir nytta, prosessen med berekning av refusjon til skulane, eventuelle kompenserande tiltak mv.
3. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 04.11.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.